

Sogn og fjordane fylkeskommune,
Hovudutval for Plan og Næring,
v/ Ingeborg Lysne Mcevoy

Klage på vedtak i SAK 69/16 Regionale utviklingsmidlar 2016 - fordeling 2

Norges Vel viser til vedtak om avslag på søknaden som vart gjort av Hovudutvalet under pkt. 11.

Klagen baserer seg på at det i saksframstillinga vert konkludert med at EU prosjektet dreier seg om eit bedriftsutviklingstiltak, som heller bør vurderast av Innovasjon Norge.

Dette vert ei feil framstilling og konklusjon knytt til gjennomføring av eit EU Interreg prosjekt. Eit EU prosjekt kan ikkje drive med bedriftsutvikling i private verksemdar.

Prosjektet leverer ein kunnskapsdel til ei bedrift for å kunne verte eit visnings- og formidlingscenter for kulturarv og handverk. Eit Economusee vert ein identitetsskapar og opplevingsstad av relevans for lokalsamfunn, skuleverk og besøkande frå inn og utland. Kunnskapsleveransen til Ciderhuset vert utført av eit team av prosjektengasjerte fagfolk innan historie, design, arkitekt og økonomi/prosjektadministrasjon, knytt til Norges Vel sitt Vestlandskontor i Bergen, etter ein 6 trinnmodell utvikla i Canada. Det er ein krevjande prosess å verte transformert til eit Economusee, for prosjektansvarleg utførande organisasjon og for ei handverksbedrift. Kunnskapsdelen som EU prosjektet leverer materialiserer seg i utstillingselement og ulike informasjonstiltak for formidling av kulturarv og handverkskunnskap.

Det er denne delen av eit EU prosjekt som Norges Vel søker om offentleg støtte til å utføre, etter ein finansieringsnøkkel som er akseptert av dei andre Vestlandfylka og av vertskommunane for Economusee på Vestlandet. Til dømes så har Møre og Romsdal fylkeskommune lagt Economusee utviklinga inn i både sitt regionale plan- og budsjettgrunnlag for ei 3-årsperiode, med utvikling av eit Economusee per år i fylket. Hordaland og Rogaland har handsama tilskott til Economusee ved kvart einskild høve og Hordaland har p.t. finansiert sine 2 nye Economusee med tilskott frå Regionalt Utviklingsprogram.

Alle andre investeringar og bedriftsutviklingstiltak knytt til drift og utføring av næringsverksemdar vert bedrifta sitt eige ansvar. Eventuelle ombyggingar og investeringar i bygg for tilrettelegging for besøk for sirkulasjon av besøkande med

inngangsparti, nye vegger, dører og butikk lokale, vert også bedriftas eige ansvar å få på plass før kunnskapsdelen vert levert av EU prosjektet. Eit Economusee representerer den levande kulturarv, der utstillingane og formidlinga gir auka besøk og omsetnad, med det formål at formidlinga og framvisinga av kulturarven kan bere seg sjølv utan offentleg støtte i framtida.

I det nye EU prosjektet vil eit tilskott bli nytta til utvikling av ei rekkje med nye servicetiltak for Economuseea, som t.d. utveksling av ungdom mellom Economuseea, for evt. fagopplærings-tiltak, for involvering av lokale kunstnarar, og for diverse lokalsamfunnstiltak som bruk av eldre fagfolk i verksemdene og til formidlingsaktiviteter. Eit Economusee har og som ambisjon å verte til bygdeinstitusjonar av stor verdi for lokalsamfunna, som t.d. som med Aurlandsskoen..

Norges Vel ha og initiert eit separat nettverks-, forstudieprosjekt (utanom EU prosjektet) med tilskott frå Innovasjon Norge, for å støtte oppunder reiselivsutviklinga i Economuseea. I forstudiet har det vore gjennomført 2 fellesmøter for eksisterande Economusee og dei nye kandidatane, der det no vert utført ei marknadsundersøking.

Vi ber på dette grunnlag om at søknaden om tilskott vert handsama på nytt i Hovudutvalet. Prosjektleiinga vil også kunne stille opp på eit informasjonsmøte om Economusee prosjektet.

Sandnes 17.07.16

Vennleg helsing

Asbjørn Stavland